

Monica Åsnes

Fra: Dina Johanne Lefdal
Sendt: tysdag 7. februar 2017 12:55
Til: Monica Åsnes
Emne: VS: Nytt frå Fjordvegen Rute 13 - Årskonferansen 28. mars 2017, Stavanger. Oppsummering - aktivitet hausten 2016 og våren 2017

Fra: Fjordvegen Rute 13 [<mailto:hanne=hagalid.net@mail12.suw13.rsgsv.net>] På vegne av Fjordvegen Rute 13
Sendt: laurdag 28. januar 2017 16:28
Til: Dina Johanne Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>
Emne: Nytt frå Fjordvegen Rute 13 - Årskonferansen 28. mars 2017, Stavanger. Oppsummering - aktivitet hausten 2016 og våren 2017

Nyheitsbrev frå [Fjordvegen Rute 13](#):

[Sjå nyheitsbrevet i nettlesaren din.](#)

FJORDVEG-DRØSEN

Medlemsinformasjon nr. 1/2017

Nyheitsbrev på e-post

Del gjerne Drøsen med andre politikarar og kolleger!



**ÅRSMØTE & ÅRS-
KONFERANSEN 2017:
FJORDVEGEN RUTE 13 - VEGEN
FRAM TIL REGIONAL VEKST?
Set av dagen tysdag 28.
mars kl 10-16.**

Scandic Forus Stavanger Hotel.
Eit sjølvsgagt tema med brei politisk
debatt der mange erfarne og
samferdselengasjerte
Stortingsrepresentantar deltek rundt
forslaget til NTP 2018-2029. Kva
kjem til å stå om rassikrings-
prosjekta langs Rv13? Er dette
akseptabelt, eller må det prioriterast



Reiselivet og prosjektet "Reiselivet i
Fjordveg-regionen etter opning av
Ryfast 2019" og fokus
kollektivtransport med saumlause
reiser vil og vera tema.

*Endeleg program med påmelding blir
sendt ut tidleg i februar.*

*Årsmøte for medlemmer om morgonen frå
kl 9 før konferansen.*

hardare for å sikra trygg Fjordveg
innan rimeleg tid?

Det blir god tid til spørsmål og
debatt, og salen skal aktivt med.

*Medlemmer har fått informasjon om dato
pr epost i november.*

Til konferansen kjem frå Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget Magne Rommetveit (Ap, bildet til høgre), Hans Fredrik Grøvan (KrF, bilde under) og Torill Eidsheim (H, under). Terje Breivik (V, under), Geir Pollestad (Sp, under) og Roy Steffensen (FrP, under) skal og ha innlegg.

Frå fylka vil desse delta i fleire bolkar: Pål Kårbø (fylkesvaraordførar i Hordaland (KrF) og repr. for nyfylket/ "Vestlandet"), Solveig Ege Tengesdal (Fylkesordførar, Rogaland), Arne Bergsvåg (Leiar i samferdselsutvalet, Rogaland) og Nils T. Bjørke (leiar i Miljø- og samferdselutvalet, Hordaland)

Frå kommunane deltek m.a. Bjørg Tysdal Moe (varaordførar, Stavanger) og Gerd Helen Bø (ordførar Suldal/styreleiar i Fjordvegen Rute 13).

Frå næringslivet kjem innlegg frå m.a. Marknadssjef Britt Dalland, Fjord Norge og Jorunn Åsfrid Røyrvik, Blix Hotell/leiar, Vik Næringsssamskipnad. Næringsavdelingane i fylka deltek og.





Sist oktober reiste Fjordvegen Rute 13 på ein omfattande styretur med mange møte med medlemmer langs Fjordvegen. Det er tre år sidan sist møterunde med medlemmer. Bildet er frå møtet på Blix Hotell, Vik i Sogn med frå venstre Arnstein Menes (Fylkessamferdselsstyret og styremedlem), Arne Bergsvåg, Oddbjørn Ese (rådmann), Dina Lefdal (fylkessamferdselsdirektør), fylkesordførar Jenny Følling, Morten Midlang, Aud Marit Berge (formannskapet i Vik) Olav Turvoll (ordførar), Helen Gjertaas (nestleiar i samferdselsutvalet i Sogn & Fjordane) Åslaug Stadheim Ese (styret i Vik Næringsssamskipnad) og Gerd Helen Bø. Styret ville lytta og få dialog, særleg med nye politikarar og medlems-representantar i næringsliv og regionale organisasjonar. Det kom mange konstruktive innspel og klare forventingar, mest i høve rassikringsprosjekta som styret har fulgt opp i etterkant.

Frå styret var Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Morten Midlang, Bjørn Laugaland, Arne Bergsvåg med,

24. januar stilte Fjordvegen Rute 13 i **Kommunalutvalet i Stavanger kommune** for presentasjon og dialog om tettare samarbeid. Fokus i drøftinga var reiseruteutvikling langs Fjordvegen etter opning av Ryfast i 2019 basert på ankomst via flyplass eller hamn i Stavanger og ikkje minst rassikringstiltak knytt til ny NTP. Stavanger er nytt medlem i Fjordvegen Rute 13 frå 2016. På bildet legg Jostein Eitrheim fram punkt til drøfting. På bildet elles er ordførar Christine Sagen Helgø (med ryggen til), varaordførar Bjørg Tysdal Moe, John Peter Hernes, Per A. Torbjørnsen, Sissel Stenberg og Christian Wedler. Dessutan møtte Eirik Faret Sakariassen, Dag Mossige og Sahfana M. Ali.



MØTE MED STORTINGSBENKANE ROGALAND, HORDALAND OG SOGN & FJORDANE:


I starten av februar reiser presentantar frå styret til Oslo på møte for å presentera utfordringane langs Fjordvegen og styret sine prioriteringar av rassikringstiltak slik sendt inn til høyringa til ny NTP.


NASJONALE TURISTVEGAR I FJORDVEG-REGIONEN: I 2016 var det opna fleire flotte anlegg langs turistvegane i Fjordveg-regionen, både Utsikten på Gaularfjellet og Allmannajuvet i Sauda. Begge attraksjonar fekk overveldande internasjonal publisitet og stort publikumsbesøk frå opninga. Kommunane langs Nasjonal turistveg Ryfylke har i Ryfylkerådet bestemt å få opp eit toårig prosjekt f.o.m 2017 med Reisemål Ryfylke som prosjektleiar. Prosjektet skal m.a. følgja opp den utvida statusen med auka strekningslengde og ny felles skilting.


Brattlandsdalen: den store og detaljerte rapporten som Fjordvegen Rute 13 har initiert syner mange alternativ for rassikring. Rapporten var drøfta på ope

folkemøte sist haust. Rapporten blir no fulgt opp politisk, primært i dei berørte kommunane Odda og Suldal og i regionråda samt av Fjordvegen Rute 13.

Styret sine møtebøker, uttalar: desse ligg på www.fjordvegen.no.

 Facebook: nytt om Fjordvegen i media, styret sine aktivitetar og Årskonferansen 28.3. 2017

 www.fjordvegen.no: fakta om selskapet, styreprotokollar, vegprosjekt og medlemmer

 E-post: spørsmål og andre tilbakemeldingar

Opphavsrett © 2017 I/S Fjordvegen Rute 13

Du får denne e-posten fordi du representerer ein medlemskommune eller -bedrift i Fjordvegen Rute 13 eller er i målgruppa for årskonferansen 2017. Du kan godt spreia Fjordveg-drøsen til andre i din kommune, fylkeskommune eller bedrift/organisasjon.

Vil du gjera endringar i abonnementet på nyheitsbrev frå Fjordvegen Rute 13?

Du kan [oppdatera innstillingane](#) eller [melda deg av nyheitsbrevet](#).

Redaktør: Hanne Sundbø, tlf. 982 19 973 / 51 75 06 83, hanne@hagalid.net

Kontakt selskapet: Fjordvegen Rute 13, Hovudkontor: Pb. 78, 5782 Kinsarvik. (Leiv Vambheim og Trude

Rinaldo) Tlf. 53 67 14 50 - post@hardangerraadet.no

This email was sent to dina.lefdal@sfj.no

[why did I get this?](#) [unsubscribe from this list](#) [update subscription preferences](#)

I/S Fjordvegen Rute 13 · Postboks 78 · Kinsarvik, Hordaland 5782 · Norway

MailChimp